



BERGEN KOMMUNALE KYSTKULTURSENTER
AS
Sandviksbodene 15
5035 BERGEN

Dato: 04.12.2017
Vår ref.: 2016/1343-150
Saksbehandlar: steotto
Dykkar ref.:

Bjørn - Tilskot til fartøyvern 2016 - Sluttutbetaling av tilskot

Vi viser til Dykkar brev av 15.11.2017, der de ber om å få utbetalt tilskot til «Bjørn» for 2016 og 2017.

I 2016 vart det løyvd midlar til «Reparasjon av skrogplater - ukjent omfang, men fleire av platene har for lite jern». I 2017 vart det løyvd midlar til «naudsynt vedlikehald og teknisk opprusting».

I brevet ligg det føre kostnadsoverslag for slippsetting og arbeid på tilsaman kr. 31.000. I tillegg vert det søkt om å få utbetalt og omdisponert det resterande beløp til dokumentasjon av fartøyvet. Dokumentasjon av fartøyvet er eit heilt anna prosjekt enn det omsøkte og eit tiltak som bør forankrast politisk. Vi kan difor ikkje utbetale midlane for 2017, men overfører dei til 2018 medan vi vurderer korleis dei skal nyttast.

Vi utbetaler med dette tilskotet for 2016, og bed om at endeleg reknskap vert levert når tiltaket er gjennomført, og seinast innan 1. oktober 2018.

Kr 30.000,- for 2016 vert utbetalt til dykkar bankkontonr. 3624.20.10935.

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Stein Ottosen
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.